

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2018

Hatten av for Jærhatten

Side 2-4

Varhaug ungdomskule til Portugal

Side 6-7

Lerbrekk

Side 16-17

Lensmannsløa

Side 18-19

Vaksne på Pulsen

Side 25



Fotoklubben

Side 9



Hatten av for Jærhatten

Då eg var seks år, i 1968, hadde eg hatt. Den hørde til festkleda som var i bruk på 17. mai og i konfirmasjonar til eldre søskenbarn på Skrettingland og i Stasjonen som var så store at dei hadde begynt å leggja til sides Blåveisen til fordel for å høyra på radio Luxembourg, smugrøyka Paal Maal og lesa Romanitikk, Legeromanen og Vi Menn. Trøya mi var mørkeblå. På jakkeslaget var det festa ei 17-mai sløyfe på trøya med eit lite bilete av kong Olav den femte med flosshatt inni rosetten.

Tekst: Sjur Håland

Hatt på fealslagsmøte

Mitt fest-hovudplagg var ein gråspetta hatt med ei raud, lita fjør i sida. Ein miniatyrmodell basert på dei hattane som vaksne mannfolk brukte når dei skulle på styremøte i fealslaget eller om dei skulle på dans eller misjonsfest eller berre ut og ferdast med trøye og slips på laurdagskveldane. Hattane vart brukte til alle anledningar. Hjelm var noko som var grønlakkert og som vart brukt då det var krig. Krigen var slutt då eg vaks opp - og mannfolka haldt fred og brukte hatt.

Einaste unnataket til alle mannfolka som brukte hatt var faren min. Han hadde huva i fjøset. Alle, koner og menner hadde noko på hovudet i fjøset. Det handla om å halda hårfjonene og permanenten på plass og beskytta hovudet så pass at det ikkje lukta fjøs når dei kom inn om kvelden.

Hatt tatt av vinden

Far brukte ikkje hatt utanom då han var i fjøset. Mor tykte ikkje at far var så hot med hatt, så ein dag dei hadde vore ute og ferdast, og kom heim på kvelden, forsvant hatten. Av naturlege grunnar. Gardsrommet vårt er ein av stadane på Jæren med mest vind. Det bles hattar og strå kvar dag hjå oss. Det gjorde det også denne kvelden ein gong på 50-talet. Då faren min stod på trappa og var på veg inn yttradøra, kom det ei grassat vindkule som løfta elegant hatten av hovudet. Det siste dei såg til far sin hatt var ein svart breibremma skugge på vill luftferd ein stad under lågtrykk-atmosfæren på veg mot Skretting og Elgane og Bjerkreim og Setesdalsheiane. Mor pusta letta ut. Stormen la seg. Hatten vart aldri funnen og aldri lett etter heller.

Konehatt i kyrkja

Mannfolk brukar sjeldan hatt til pynteplagg lenger. Unnataket er kule byasser med tatovering på armane og på halsen. Flotte karar med øyrepynt, moteskjegg og sjølvtilitt i bøtter og spann. Gjerne artistar og andre kunstnarar. Mange av dei ser godt ut med hatt. Dei ser i alle fall langt betre ut enn dei superkule som brukar caps bak fram. Hattane til konene hugsar eg best frå kyrkja. Kanskje fordi det stort sett var i den einaste settinga på Jæren at konene bar hatt. Når det vart keisamt å høyra på presten, det gjorde det ofte, var det råd å slå i hel litt tid på å telja smårutene i vindauga eller studera hattane til konene i benkeradene.

Breibremma eller pottforma. Høge og låge. På snei eller i vater. Lyseblå, grå, brune eller svarte. Dei kunne likna hoppbakken i Vikersund eller eit nasjonalt fjellparti frå Rondane pynta med sløyfer og nett. Rare knutar og

fjører i regnbogens farger, strå, frukt og grønt. Det var råd å bruka ei heil høgmessepreik for ein møtelei pode å studera former og kulørar på hattane som stakk opp over benkeryggane.

Sexy var stygt

Eg kan jo ikkje leggja skjul på at mine oppvekstår var lite prega av pynt og stas. Erotikk var eit framandord. Ordet sexy var så stygt at det kunne jamførast med bannskap.

- Me må henta stein, stella fjøs og arbeida. Pina kodn or auren og gruvla på Ordet. Det er det indre som tel, sa gjerne folk og trekte glidelåsen på vindjakken så langt opp at han kjilde seg fast i skinnet ein plass oppunder adamseplet.

Folk skulle ikkje stikka seg fram. Og langt mindre stikka noko fram. Ingen skulle tru at dei var noko. Og ingen skulle få inntrykk av at der var noko som kunne pirra lidevetta under stakkar og bluser, gabardinkåper og ullbolar.

Folk som braut alle grenser i forhold til sminke og pynt i mi barndoms bygd var gjerne tilflyttarar. Ei ny lærarinne, ei nyttilsett bak luka i banken eller i posten. Kona til sonen til distriktsveterinæren eller frua til han som jobba som telegrafist på sjøen og som hadde budd i Brooklyn, New York. Dei var motige som sirkusartistar eller polarheltar som våga å bryta tradisjonane på det trauste Jæren om å ikkje stikka seg fram og ikkje vasa vekk tida på pynt og fjas. Eg trur folk likte ho som hadde budd i Brooklyn, studert på Blindern eller som kom frå lærarskulen med urbane og frilynte impulsar.

Sprengstoff under gensen

Eg har ein mistanke om at ei kvinne som la på makeup, kledde seg i fin kjole og hatt på bondefesten på Varhaug eller Vigrestad i 1970 vart grenselaust beundra av mannfolka. Eg trur til og med dei gamle jærbuane med skeptiske blikk under buskete augebryn likte dei som kom utombygds og braut grenser med sprengstoff i form av stram genser, rouge, pudder og brannfarleg Elenett hårspray. Karane som var vane med lukta av silo og fjøs kunne nok lika fransk parfyme, perlekjeder og svære øyreringar som det kunne turnast i.

Eg trur dei tykte det var sexy, sjølv om det var eit ord dei aldri hadde kome på å bruka. På den tida var det ingen som helste med ein klem, eller som sa; hei så råstilig du var i kveld.

Tilsynet kapitulerte

Kanskje dei mumla litt i skjegget:

*- O var 'kje så verst den
- O va vel likande hu mæ hatten
- O va gille ho nya i posten
- O var 'kje så lite pynta*

Folk pynta seg i 1970. Sette opp håret, gjekk i bryllaup med lårkort kjole, tupe i nakken og ein mink eller rev rundt halsen. Men dette med sminke og pynt, var komplisert og ikkje så langt i frå den verdslege synda i det ganske så smale og gjennomsluktige miljøet her på Jæren. Tilsynet for høg moral morska seg mørkt på fremste benkerekkene i ymse forsamlingslokale og hadde radarblikk for sminke lepestift, øyrepynt og utringa hals.

Det vart naudsynt å sprengja nokre grenser, og til slutt kapitulerte tilsynet. Og takk for det!

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrek Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløa

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Terje Lerbekk, 4H

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbekk skule

Styremedlem

Lenita Salte, bondelaget

1. varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

2. varamedlem

Elin Hobberstad, Elgane

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav

i still og einsam ro.

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymsekleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Høgare hus

Kjære foreininga Jærhatten. Gratulerer med 25 år. De har vakt oppsikt, de har begeistra, de har forundra og de har fargelagt Jæren med smil, fargar og vakker varme i eit kvart hundreår.

«Det passer ikkje med høge hattar i låge hus», heiter det i eit ordtak.

Husa på Jæren har vore låge. Jærhatten, som starta med eit initiativ frå Ognå og Vigrestad Bondekvinneleg, har vore med på å løfta takhøgda på Jæren. Og med høgare takhøgde har me fått friskare luft!

Det er ein god ting å lytta og nikka til livsvisdomen i Per Fugelli sitt utsagn om at du er god nok. De i Jærhatten tar det eit stykke lenger og synar det i praksis til alle oss andre ved å løfta hovudet og ta på hatten. Då blir visdommen at du er meir enn god nok. Du er unik og fantastisk flott. Og du som er medlem av Jærhatten får meg til å kjenna meg varm og glad innvendig. Livsglede er smittsamt. Det er ikkje ein sjukdom, men ei helsebot.

Helse med hatt

Kvinner med hatt er helse på grøn resept. Det er til å ta av seg hatten for.

Eg ønskjer flokken i Jærhatten lykke til med 25 nye år som vakre, fargerike og sjølvstendige kvinner som seier med Hilde Dæhlen Aniksdal at: *«Jeg bærer min hatt som jeg vil. Med schwung, eleganse og stil. Jeg bærer min hatt uten frykt, midt i mørket en fargeglad lykt!»*

Kultur i Løå

Foredrag av Frode Thuen



18. januar åpna kulturarrangementa for 2018 med foredrag av psykologiprofessor og parterapeut Frode Thuen, for mange kjent frå den faste spalta i A-magasinet med fokus på utfordringer i parrelasjonar. Me var nysgjerrige på å sjå og høyre Thuen fortelje om kjærleikens bakgater. Slik han innleia foredraget sitt, skjøna me at “bakgatene” er dei usynlege utfordringane, - det me ikkje er bevisste om. Dei ubevisste følelsesmonstra våre har stor innverknad på korleis me er i samspelet med vår livspartnar.

Som personar er me ulike. Nokre har mykje å halde skjult og deler lite av tankar med andre. Andre har lite å halde skjult og møter omverda med ei åpen haldning. Thuen snakka om korleis me, utan å vere det bevisst, bl.a. brukar luktesansen når me vel vår livspartnar og at me i parforholdet vurderer hendingar/konflikhtar ut frå vårt eige perspektiv. Begge har tankar om at “mi” oppfatting er rett. Det bidreg til at konflikten vedvarer og skaper avstand. For å unngå øydeleggjande handlingsval kan me nyttegjere oss av mentalisering. Velge å stoppe opp i krangelen, ta eit sted til sides og utforske kva det er som føregår. Me kan sjå på eigne reaksjonar utanfrå og utforske partnarens reaksjonar med åpen undring og interesse.

Thuen viste ein illustrasjon av hjernen vår. Når me opplever sterke følelsar som sinne, redsle og opprørthet er det stor aktivitet i den følelsesmessige delen av hjernen, det limbiske systemet. Då “stengjer” den framre delen av storhjernen ned på sin aktivitetsevne. Mentaliseringsevnen avtek for ei stund. Når me er i sterke følelsar,

vert våre reaksjonsmønstre meir instinktive/primitive. Me kan trene opp vår evne til mentalisering når me har det OK i relasjonen.

Ofte er me ikkje merksame på kva som styrer våre reaksjonsval. Me kan vere emosjonelt (følelses-) styrt eller tankestyrt (bruke innlærte reaksjonar). Når me er i konflikt med vår partnar vert den emosjonelle meir emosjonell og den tankestyrte meir tankestyrt. Me spelar kvarandre dårlege.

Parforholdet vert også påverka av dei tilknyttingsmønstra begge har frå eigen barndom/tidlegare år. Du kan bere med deg ei trygg tilknytting, du kan ha ei utrygg tilknytting der du er klamrande og avhengig eller ei utrygg tilknytting der du er engsteleg og unnvikande.

Underteksten i alle parforhold er: Er du der for meg også når eg er svak? Liker du meg også når eg er svak?

Alle menneske har ein sårbarhet i seg. Når denne vert aktivert vert følelsesreaksjonen sterk. Dersom me vil ta vare på kvarandre skal me “trø forsiktig” i forhold til partnarens sårbarhet. Thuen illustrerer korleis ein konflikt utviklar seg i 3 ulike grunnscener styrt av den einskildes grunntrekk. Pågåande - unnvikande, pågåande - pågåande eller unnvikande - unnvikande. I fastlåste parkonflikhtar er det reaksjonsmønsteret som er monstret i samspelet.

Me kan alle velge å trene på gode samspel. Då leiter me etter underteksten i det den andre seier og reflekterer over kva det er som gjer at du/eg er så urimeleg. Kunsten er å få tak i det som bind oss saman og gje det meining.

Dersom me vil satse på parforholdet framover, spele kvarandre gode, må me verte merksame på endringar me sjølv kan gjere. Kva skal til for at me får det bra? Me må ha ønske om å ta tak i det som har skapt avstand mellom oss. Me må ha vilje til å få ting til saman. Heile tida kan me verte ein betre utgave av oss sjølv.

Eit lydhøyrte publikum fekk denne kvelden nyttig lære om mekanismar som påverkar konfliktnivået i parforholda og om mogelege endringsval. Då kvelden var slutt var det rosande takk til Frode Thuen frå både arrangør og publikum.

Ingunn Alice Einervoll



FRÅ REDAKSJONEN

I denne OL-tida er det kanskje fleire som har vore oppe om natta for å få med seg alt? Det har nå ikkje eg, men eg har likevel fått med meg nok. Og det er utruleg flott med alle medaljane Norge har fått. For nokre prestasjonar

Men nå kjem Paralympics 2018, og det utøvarane presterar her tykkjer eg er endå meir imponerande. Skal verta spanande og sjå om me får sjå unge Stian Vatne frå Nærbø. Eg har møtt han fleire gonger då han har pigga seg gjennom Vargaumilå under Marken. Det er ein flott gut som det skal verta spanande å fylgjer med i åra som kjem.

Akkurat i dag har me flott vinterver, men nå er det mange som ikkje vil ha meir frost, men heller berre sol og vind så markene kan turka opp. Dei fleste bøndene slit med fulle gjødselskummar etter det blaute året i fjor. Får berre kryssa fingrane for at det vert betre i år.

Det er årsmøtetid, og eg har fått med meg møtet til VIL, og så kjem både historielaget og Rogaland bygdekvinneleg for min del. Det er mykje å vera oppteken av, og på den måten spring nærast tida av garde. Om ein månad skal eg reisa på påskeferie til Heviz, og eg ser fram til 12 gilde feriedagar saman med gode venner. Då håpar eg batteriet vert full lada, så eg er klar for neste nummer av bladet som skal ut etter 17. mai.

Ynskjer alle ein fin vår.



“Slott”: Alle prosjektdeltakarane utanfor gamlebyen i Óbidos.

Varhaug ungdomsskule til Portugal

Erasmus+ Europeisk samarbeid



Søndag 5. til laurdag 11. november var elevar frå Varhaug ungdomsskule på tur til Portugal. Elevane har skrive om kvar sin dag, og her fortel dei om alt det dei har opplevd.

Søndag

På søndag 5. november måtte eg vakne klokka 3 om natta. Eg skulle ta flyet som gikk 06:20 og på veg til flyplassen måtte eg plukke opp læraren min.

Flyet gjekk til Porto, ein by i Portugal. Då vi kom oss der måtte me finne bagasjen. Alle fekk sin utanom den eine læraren. Han fikk bagasjen fire dagar etterpå. På veg ned til Juncal såg vi brente trær etter dei store skogbrannane som hadde vore der og turen tok 2 timer. I Juncal venta eg ein time på vertsfamilien min, og så reiste vi og åt kylling saman.

Etter vi åt reiste vi til et kloster i Juncal, det er veldig stort, populært og viktig for katolikkar. Etter vi har våre i klosteret reiste vi til Nazare og såg på ei anna kyrkje. Ved sida av kyrkja var det en kvite veg som var laga for folk som har veldig stor tru på Gud. På den vegen måtte folk gå på kne, mange sleit men alle fikk det til. Då me kom heim spelte vi litt på Playstation, bordtennis og bowling. Det var veldig koselig.

Måndag

Det var den første dagen og vi fikk endelig møte alle Erasmus + folka. Eg var spent og det var dei andre frå Noreg også. Eg husker at det var rart å vakne i eit ukjend hus, kor eg nesten ikkje kjende dei som budde der. Når me først kom te skulen var eg forvirra. Eg visste ikkje kor eg kunne gå og eg kjente ikkje nokon utanom dei andre norske og verten min. På Varhaug der eg bur, har me ein veldig liten skule, så dette var veldig annleis enn det eg var van med. Det var rundt ni hundre elever og alle var veldig vennlege. I Portugal kysser vi kvarandre når vi helsar. Dette var rart til å begynne med, men vi ble vande med det.

Den første dagen saman var den mest hektiske. Først gjekk vi rundt på skulen og ble betre kjent med kvarandre og skulen. Etter ei stund tok vi skulebussen bort til Porto de Mós. Når vi kom der gjekk vi først til kommunens borgemester. Vi fekk gåver og så ein liten film om denne vakre plassen. Me fikk også noko å drikke. Etter besøket gjekk vi utanfor bygningen og venta til alle var på plass.

Når alle var klare, starta me å gå mot eit slott. Slottet er «slottet av Porto de Mós.» Dette var en veldig kjekk oppleving. Det var ikkje lang veg opp til slottet og når vi kom til toppen så vi ei utruleg utsikt. Så gjekk rundt inne i slottet og tok mange bilete. Det var mange trapper og ein suvenirbutikk på toppen. Alt ved dette slottet var magisk.

Den siste tingen vi gjorde var å besøke en steinfabrikk, der dei foredler forskjellige typer fin stein til bygningar og andre føremål. Når vi kom til fabrikkens såg vi bare ein stor bygning. Plutseleg starta ei dame å snakke i høgtalaren. Ho var eigaren av selskapet og ho viste oss rundt på fabrikkens. Ho snakka om korleis selskapet starta og mykje om seg sjølv. Vi fekk sjå prosessen når gjorde stein til fine ting.

Etter en lang dag med skule, gjekk vi heim til vår vert familie og gjorde mykje forskjellig. Det var en kjekk men hektisk dag.

Tysdag

På tysdag tok vi bussen til et universitet i ein storby, Leiria. På universitet fekk me sjå korleis det var der, nokre av læremetodane, klasseromma og eit par av verkstadane. Rektoren viste oss rundt på skulen, mens han fortalte og viste nokre av dei store prosjekta studentane hadde arbeida med. Det var veldig interessant.

Når omvisinga var over, gjekk me bort til et auditorium kor ein mann hadde eit foredrag om oppfinning og korleis alle kan vere oppfinnerar. Han underviste på ein morosam måte og det var ganske lærerikt med tanke på at vi skulle ha ein framføring for resten av Erasmus-gjengen dagen etter.

På veg heim frå skulen besøkte vi eit av slotta i Leiria. På vei opp strevde vi alle med å komme oss opp. Det var ganske morosamt. Når vi var oppe, kunne du sjå nesten heile byen. Utsikten var heilt utroleg. Vi Erasmus+ elevar hadde og blitt ganske gode venner, og det gjorde ekspedisjonen mykje kjekkare.

Onsdag

På onsdag var alle på skulen. Me skulle vere oppfinnerar og ha ein presentasjon om ein

idé for eit produkt me kan selje, fordi temaet for Erasmus+ prosjektet var «Framtida». Det landet som hadde funne på den beste tingen vant. Det var fire dommarar og ein av dommarane var dama frå steinfabrikkens, Regina Violente. Dessverre vann ikkje vi frå Noreg, men det var gøy å få prøve å vere oppfinnerar.

Etter presentasjonane kunne me gå heim eller gjere kva ein me ville. Meg og Laura, jenta eg var hos, reiste inn til ein by nær Juncal. Byen heita Alcobaca, og der budde venninna hennar som hadde flytte bort. Jenta var gild og det var gøy å så henne igjen, sidan ho og hadde vore her i Norge. Me var på shopping og dei viste meg rundt i den fine byen. Me besøkte ei kyrkje og eit slott på ein bakketopp som var i ruiner. Utsikten var veldig fin og du kunne sjå nesten heile byen. Seinare på kvelden åt me middag på ein restaurant med veldig gode hamburgerar. Me hadde det veldig gøy og det var endå ein bra dag i Portugal.

Torsdag

På torsdag hadde alle blitt godt kjent med kvarandre og plassen. Den første delen av dagen tok vi ein buss til ein flott by. Byen het Óbidos. Det var ei dame som møtte oss ved ei stor dør, ho var guiden vår. Så starta vi å gå mot døra og inn mot “byen.” På innsida var det akkurat som ein liten landsby med murvegg rundt. Det var bibliotek, kyrkjer, butikkar og ei fin utsikt. Vi gjekk ei stund rundt og etterpå kunne vi kjøpe suvenir og mat.

Etter å ha gått rundt i landsbyen, gjekk vi på bussen igjen. Vi kjørte ned til ei elv som var i same by. Det var ei veldig fin elv. Folk satt i kanoar og nokon sat og så på. Vi hadde piknik og koste oss mykje.



Steinfabrikkens vi besøkte på mandagen. Ei linselus frå Finland i bakgrunnen.



Varhaug skulekorps

Etter en god Juleferie har vi nå startet opp igjen øvingene. De finner sted hver mandag fra 16-18 i musikkrommet på barneskulen. Der er det plass til flere om noen har lyst til å lære å spille et instrument.

Sjøl om det i skrivende stund er en lenge til 17. Mai, så går vi sånn smått og tenker litt på den. Både når det gjelder å få vise fram korpset på vår nasjonaldag. Samt at kakesalget i hallen, som er en av våre hoved inntektskilder, krever en del planlegging. Og vi håper at bygda i år igjen er positive til å hjelpe oss med dette.

Korpset fyller 60 år i år, og det tenker vi at vi skal markere på en eller annen måte. Hvordan eller hvor har vi ikke bestemt enda. Det får vi komme tilbake til.

Styret

Hå hagelag

8. Mars blir det møte i Lensmannsløa på Varhaug kl. 19.00.

Vi får besøk av Gartner Morten Bragdøya, kjent fra Grønn glede på TV.

Han vil gir tips om hvordan hagens planter og vekster kan strutte av vitalitet og smak gjennom enkle grep.

Dette bli en flott kveld i lag med Bjerkreim og Ålgård hagelag.

ALLE VELKOMNE

Fredag

Klokka 09.00 begynte skulen og ein lærar hadde foredrag om framtida og at det er viktig å tenkje godt gjennom kva man vil bli. Vi fekk ei skuleveske som eit minne frå skulen og Erasmus+. Etterpå skulle vi skrive eit brev til oss sjølv om 10 år. Det skulle leggje i ein boks og på den boksen hadde alle tatt fingeravtrykka sine på og skrive namnet sitt. Dette kalte dei "My time capsule project." Etterpå hadde vi fri.

Då kunne me gå rundt på skulen, på cafeteria eller utanfor skulen. Me valte sjølv kva vi ville gjere. Klokka 11.00 var det lunch, det var det nest siste måltidet med kvarandre. Klokka 13.00 hadde vi ein sporleik der du fekk eit kart og på kartet var det 14 poster som vi skulle finne. Når du kom til ein post så fekk du eit spørsmål som vi skulle prøve å svare på. T.d så var det ein post der det var eit bilete på ein vegg så skulle vi svare på kor mange som hadde skjørt på seg. Sporleiken var over eit stort område. Mitt lag var dei første som blei ferdige så me hadde fri.

Klokka 16.00 begynte St.Martin's celebration. Då var det nokon så begynte med eit kort skodespel og etterpå var det eit barnekor som song. Når dei var ferdige var det nokon som var med i Erasmus+ som og var med på ein sang med barnekoret. Etterpå gjekk me i Erasmus+ og lærarane i kantina for å ha ein avskjed med alle. Der hadde dei lagt mykje mat og kaker som vi skulle ete. Maten var veldig god. Seinare hadde nokon laga ein video med mange bilete frå heile veka. Det var då folk begynte å gråte. det var kjempe trist , fordi du har blitt så glad i alle folka og så innser du at du kanskje aldri kjem til å sjå dei igjen. Nesten alle gråt og så ga vi klem til alle. Det var kjempe trist, men eg er så glad for at eg har vorte kjende med alle dei fine og snille folka.

Avskjedsfesten varte til 21.00. Når det var ferdig så kjørte me heim til vertsfamilien. Dei hadde ein gave til meg som minne frå dei og Portugal.

Vi takkar Portugal og Erasmus+ for ei veke med mykje læring og opplevingar!

- Alt innen tømmerarbeid
- Rehabilitering bad, vi ordner alt.
- Tilbygg/ påbygg
- Nytt tak, nye vindu, ny kledning
- Etterisolere boligen

BYGGMESTER
SKRETTINGLAND & LOBEKK AS

Telefon 982 46 475 - Mail post@bm-sl.no

Fotoklubben



Ingvald Aase



Rune Scheie



Bente Vigre



Ben Simon Djøseland

Bli med på FOTOKURS!

Varhaug Fotoklubb har gleden av å invitere til fotokurs med fotograf Asle Haukland i Lensmannsløa på Varhaug. Våren 2018

Ønsker du å komme i gang med å bruke ditt digitale speilreflekskamera? Mangler du kunnskap og inspirasjon? Eller kjenner du noen som trenger å børste støv av kamerautstyret sitt? Da kan dette kurset være noe for deg; her vil du få grunnleggende innføring i kamera, dets innstillinger og funksjoner. Og videre: Hvordan bruke kamera i ulike situasjoner, lyssettinger og forhold.

Interesserte bør sette av tre onsdager fra kl.1900-2130: 23. april - 2.mai - 23.mai

Kurset har plass til 8 deltakere. Ingen krav til forkunnskaper.

Kursavgift: 1.500.- pr deltaker.

Påmelding kan gjøres direkte til Asle Haukland: tlf: 45280838 eller epost: post@aslehaukland.com

Varhaug har fått ny røyrleggarbutikk

Om butikken er ny på Varhaug, så har den 141 år bak seg litt lenger sør. Volden Tollefsen AS er eit firma som har halde på i generasjonar, og har 33 tilsette med dei to på Varhaug.

Grunnen til at firmaet ville starta opp her, var at dei i lengre tid hadde hatt ein del kunde utover Jæren. Og dei hadde god tru på at Varhaug var rette staden. På Varhaug har dei førebels to tilsette, avdelingsleiaren Annlaug Aasland, med 17 års fartstid i bransjen, og

røyrlegger Terje Vik, som dei siste 8 åra har vore i arbeid hos Sig. Halvorsen. Både Annlaug og Terje bur på Varhaug, og begge tykte det var gildt å få vera med frå starten her. Volden Tollefsen AS kjem til å ha døgnservice. Det er ikkje folk på vakt, men skjer det noko om natta, vil dei rykka ut for å hjelpe.

Kor finn de røyrleggaren? Vegg i vegg med det gamle lensmannskontoret – på andre sida av ESSO.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer Annlaug og Terje lukke til i ny jobb, og seier til Volden Tollefsen AS: «**Velkomen til Varhaug**»



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE

Oppstart av dekkfirma i Ånestadvegen 14

Varhaug kompisene Ole Henning Djøseland og Gunnstein Varhaug har startet opp med dekkfirma på Varhaug.

Jeg hadde et besøk hos disse karene kl 20.45 på en isete onsdagskveld, noe som burde være et bra grunnlag for en skikkelig dekk prat.

Jeg lurte veldig på hvorfor de hadde startet med dekkfirma på Varhaug og hvorfor de var i butikken langt på kveld. Her fikk jeg et kontant svar «**Me må jo ha noe å gjæra på utenom det vanlige arbeidet**» så hvorfor ikke starte med dekk, dekk æ noge adle har en relasjon til.

Planen er å ha full jobb til daglig og ha dette på kveldene. Kompisene er fort framme på tilbuds siden og kan fortelle at de tilbyr alt av dekkjenester fra lapping, dekkhotell, dekk og felger, til både personbil og mindre kjøretøy

Målet med å drive på kveldene er at de skal være mer tilgjengelige for folk flest. «*Folk kan jo komme etter at de har lagt ungene*».

Til og begynne med vil de være på plass hver tirsdag fra kl19.00-22.00 for de som vil stikke innom, ellers etter avtale /kundens behov.

Dette er to karer med et veldig engasjement, hvor jeg fort får beskjed om: Har du det travelt? så send oss en melding på Facebook,

e-post : post@godekk.no eller sms om hva du trenger. Så svarer vi med pris på jobben og vi kan til og med hente dekk dine hjemme hos deg, legge på nye og levere de tilbake.

«I Ånestadvegen 14 er det flere bedrifter, med blant anna klyppeloftet og Monicas frisør. Så muligens du kan ta deg et klipp og få skiftet dekk samtidig».

Målet til karene er å være best på sørvis og vil gjøre sitt ytterste til å tilpasse seg hva kundene vil ha.

Her er det ingen grunn til å vente hvis du trenger en dekkjeneste utført, kom i gang a kontakt med disse driftige karene. MOB: 91 88 28 11/45 03 68 66.

Husk det skal snart byttes til sommerdekk.

Vi ønsker karene lykke til i framtiden.



Ole Henning og Gunnstein Varhaug

W Murmester
Waldeland & Dubland

SI.BYGG
www.sibbygg.no
MESTERHUS – det blir som avtalt

SPAR
Prøv SPAR Varhaug sin nettbutikk
Klikk deg inn på
spar.no og bestill
varene heim!



Nytt frå Misjonshuset

Vi er komne til februar ...

... og vinteren har kommet og gått og kommet igjen.

På Misjonshuset er dei fleste årsmøta nå ferdig,- 8/3 vert det årsmøte for Misjonshuset.

Av det som skal arrangerast i nærmaste framtid, kan nemnast:

11/3: song- og musikkfest ved Normisjon
10/3: fasteaksjon ved konfirmantane
29/3: langfredagsmøte ved IMF
2/4: påskedagsmøte ved NLM
6-8/3: «Back to basic» ved Ungdomslaget
13/4: basar ved Israelsmisjonen

Elles er berre å sjå program på oppslag og i annonsar og følge med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Og høyrer du til dei som likar å syngja, er det fleire kor å velja mellom på Misjonshuset.

(Minikor (for barn frå 4 år), yngreskor, musikklag (med mest veldig godt vaksne) og koret Hananja for

dei i beste alder. Og fleire lovsanggrupper.)

Og innimellom er Misjonshuset utleigd til selskap og ymse andre slags arrangement.

Så må eg nemna at det er fleire som arbeidar aktivt for å etablera ei forsamling/menighet på Misjonshuset. Ein eigen forsamlingskomite ser på dette,- og informasjon har vore gjeven på dei forskjellige årsmøta. Det er delte meiningar om behovet. Avklåringar vert gjort utover året.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Sjakk for vakse

No vert vaksne spelarar invitert til å vere med i Jæren Sjakklubb.

Jæren sjakklubb har inngått 2-årig samarbeidsavtale med Jæren sparebank og har eit variert speletilbod der me prøver ut ulike turneringsformer. 1 november i fjor hadde me turnering med Fischer random, som vi så i førre månad på TV der Magnus Carlsen spela om VM tittel i denne sjakktypen. Og han vann over Hikaru Nakamura.

Klubben arrangerte første større turnering 26. november som NGP i hurtigsjakk. John Breiland var turneringsleder saman med Erlend Stangeland frå Sandnes sjakklubb. Dei beste spelarane i Rogaland deltok, og IM Erik Fossan (med 2300 i rating) vann saman med Hrannar Baldursson. Det var i alt 67 deltakarar, og 15 frå Jæren sjakklubb var med. Av desse var Roar Sola best på 12. plass. Daniel Sinnes vart nr 14, Ahmed Abdelhafiz nr 15 og Stein Åge Sivertsen nr 23.

12-14. januar vart det arrangert Vestlands meisterskap i sjakk,- og der hadde klubben eit lag i 2. divisjon. Laget gjorde det bra, og kniva om opprykk til 1. divisjon men havna til slutt på 5. plass av 8 lag.

Eit av dei større hendingane er Stavanger Open der nokre av dei beste er inviterte. I år var det 134 deltakarar, av dei var 9 med tittel GM og den beste hadde 2600 i rating. Frå Jæren stilte vi med 5 spelarar,

og best av dei 5 vart Arvid Feed Jakobsen som endte som nr 89 totalt men vann klasse 3!

5-7. januar var det Åpent NM i lynsjakk og hurtigsjakk i Drammen. I klasse C med 138 deltakarar vart Arvid Feed Jakobsen nr 30 og i klasse B vart Roar Sola nr 69 av 121, flotte prestasjonar! No vert det jobba med at Jæren sjakklubb skal arrangera Åpent NM i hurtigsjakk og lynsjakk neste år saman med Sandnes sjakklubb.

Men allereie i april skal med ha arrangere to NGP-turneringar, i hurtigsjakk laurdag 14/4 og i lynsjakk 15/4.

Klubben har egen internettside: <https://www.jarensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb». Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Jæren Sjakklubb spelar på Bryne VGS kvar onsdag kl 1900-2200. Dette semesteret har me hatt undervisning i forskjellig tema frå kl 1800. Nokre nybegynnarar har vore innom og fått spelt litt.

Eit par år har det vore åpent på Bryne bibliotek for å spele sjakk i ein meir uformell tone. Her vil fleire frå klubben vere med å gje opplæring i sjakk for nybegynnarar. Tidspunkt er no endra til tysdagar kl 1700-1800.

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

Hå skulesjakk

Skulesjakken er no på Varhaug på onsdagar kl 1730-1830. I Lensmannsløa. Fordi mange ønsker nytta Lensmannsløa til ulike arrangement, vert det i vår fleire onsdagar som ikkje kan nyttast til samling for Hå skulesjakk.

Fleire nye har blitt med,- og det er plass enno fleire. Mange av dei som var med på Vigrestad på torsdagar har slutta. Kanskje onsdag ikkje er nokon god dag å ha sjakklubb fordi det skjer så mykje på idrettsfronten av treningar.

Vi må sjå på om me kan vere på Vigrestad eller Ogna på torsdagar frå hausten.

I helga **10.-12. november** var det NM for ungdom i Kristiansand der 5 gutar frå Varhaug var påmelde. Her var dei beste ungdommane i Norge med og Roar Sola vart nr 14 av 22 i beste klasse der vinnaren, Erlend Mikalsen frå Alta hadde FM-tittel og rating på over 2300. I gruppe C var det 61 spelarar, og Sven Tobias Ueland vart nr 49 medan Arvid Feed Jakobsen vart nr 57. I gruppe C var det 57 deltakarar, og Asle Kydland vart nr 35 medan Arnold Johan Helgevold Skretting vart nr 49.

25. november arrangerte Jæren skulesjakk ei BGP-turnering på Klepp Rådhus. Her deltok 6 frå Hå skulesjakk. Asle Kydland vann gruppe kadett. Her deltok også Arnold Johan Helgevold Skretting, Peder Fiskebekk, Knut Morten Skrettingland og Leif Sverre Gimre Håland

3. desember foregikk Stavanger Advent BGP, der Sven Tobias Ueland deltok og vart nr 10 i lilleputtklassen.

Dersom **nokre fleire** vil vere med å spele sjakk, så er det flott. Me ønsker at dei som er med går i andre klasse eller er eldre. Og vi holder på med speling, opplæring og oppgaveløysing. Velkomen til sjakk i Hå.

Hå skulesjakk inviterer til nytt Hå-mesterskap **10.mars** på Varhaug misjonshus. Til dette vert elever frå alle

skulene i Hå inviterte. Sjå eget oppslag annanstad i bladet. KM for lag for skuleelever (opp til og med vidaregåande) vert 17. mars på Engelsvoll skule i Klepp.

Utover våren vert det fleire turneringar, mellom anna skulelag match for 2-mannslag vert 13. april på Klepp rådhus. Og først på juni skal Jæren sjakklubb vere med og arrangere Norway Chess turneringar for skuleelever (opp til ungdomsskule) på Bryne.

Og til hausten (**20. oktober**) skal me i Hå skulesjakk arrangere KM for skuleungdom individuelt.

Me har ei side på **facebook**, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>



Varhaug sykkelklubb gjentar suksessen fra i fjor

I vinter har Varhaug sykkelklubb arrangert spinning på Pulsen hver mandag. Oppmøtet har ikke vært like godt som når vi sykler ute, men vi har hatt et fremmøte på fem til seks personer hver gang – noe som er ganske bra.

Men fom. mars 2018 er vi igjen i gang med sykling fra Fjordkjøkken hver mandag kl. 18.00.

I fjor ble mandagsturene godt mottatt med fra snaut 10 til over 20 deltakere hver gang. Dette året håper vi på minst like stort fremmøte. Turene kommer også dette året til å vare 1,5 til 2 timer og vil typisk være på ca. 4 mil. Tempoet vil være slik at de aller fleste er i stand til å delta, og retningen vil vanligvis være nordover eller sørover alt etter hvilken vei vinden blåser (vanligvis meldes det på Facebook om hvilken vei turen kommer til å gå).

For å sikre at det blir tur hver mandag, har en del av medlemmene også dette året tatt på seg å ha ansvaret for turene – slik at det for hver tur er to ansvarlige (som enten møter selv eller får noen til å møte for seg). Dette fungerte veldig godt i fjor.

Dette året håper vi at også damene kommer på banen - og møter godt opp på treningene.

Varhaug Sykkelklubb tar sikte på å tilby utetrening en gang hver mandag i hvert fall frem til ut oktober.

Varhaug Sykkelklubb har fortsatt plass til flere medlemmer. Hvis dette er noe for deg - ta kontakt med Joackim Jeremiassen på telefon 941 34 691.

*Jonas Varhaug
Styrets leder*

«Auest basaren»

6. januar var det igjen tid for denne basaren, og denne gongen klaffa datoen med ein laurdag. I gamle dagar var basaren på Auestad skule, men har dei siste åra vore på misjonshuset, den første laurdagen i januar. Dette trur eg er den eldste basaren i bygda, og vart i år halde for 141 gong. 6. januar har alltid vore dagen, noko som mange minnest med ganske tøft vinterver med rennedrev. Men folk held seg ikkje heime av den grunn, dei kom med hest og slede.

Dette er basaren ein utflytta Varhaugbu kjem heim for å vera med på. Her har dei kanskje hatt både mor, bestemor eller svigermor som aktive i basararbeidet, så dette er noko som ligg «i blodet» til mange. Og mykje folk var det på basaren i år og, og gevinstante var mange, både på «ongabasaren» og den til dei vaksne. Me starta med songen «Ingen er så trygg i fare», me fekk velkomstord av Solfrid og song både av nokre jenter og Odd Dubland. Og sjølvstakt var

det ein god matpause med mykje godt. Sjølv utloddinga gjekk raskt unna, her har og teknologien kome på plass, me fekk nummera opp på vegg!

Så var basaren 2018 over, og nå er det berre for gjengen som står bak til å ta til med spøding og brodering til neste år. Lukke til!

Liv



KULLSYREMASKIN FRA AGA



899,-
inkl. patron

bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Det skjer på Lerbrekk

Me er godt i gang med 2018, og ser fram til mykje gildt som skal vera på Lerbrekk også dette året.

I desember hadde me som vanleg graudafest med trongt om plassen, og god stemning, sjølv om det bles «stikker og strå» ute. Heldigvis kom det ikkje snø, men mange gilde folk som samlast i skulestova. Sjur Håland var med oss denne gongen. Han tok fram litt av historia til skulen. I tillegg fortalde han levande om då han som gutunge sykla rundt og selde julehefte for mora. Han fortalde og levande minne om andredags-juletreffest på misjonshuset. Ingen kan skildre opplevingar meir levande enn Sjur. Me såg det for oss etter kvart som han fortalde.

Juletreffest fjerde dag jul var mindre frammøte enn tidlegare år. Agnes og Olav spelte som vanleg, og Sigbjørn Varhaug hadde andakt.

Sundagskafeen i februar var det rundt 30 personar som var innom.

Me har sundagskafé 8. april (Utstilling laurdag og sundag), 3. juni, og 1. juli. I august er det grillkveld torsdag 9. august.

Årsmøtet skal vera torsdag 15. mars kl. 19.00. Det vert vanlege årsmøtesaker og utlodding. I tillegg vil Sigbjørn Varhaug syne ein film om Varhaug mølle.



Jubilantar

Me har ein vaskegjeng som trufast stiller opp med vask etter arrangementa. Fem av dei jubilerer i løpet av ein månads tid nå. Olav L. Varhaug rundar 90 år, Harald Bratland 80 år, Sigbjørn Varhaug 75 år og Ingvar Reiestad 70 år. Her er ingen pensjonsalder. Det er berre å stå på så lenge helsa held. Dei har ein lun humor når dei er saman, så det ser ut som dei kosar seg. Å gjere noko saman gjer godt for helsa.

GRATULERER med vel overstått. Takk for at de trufast stiller opp.

Bokprosjekt om skulen

Me har planar om å lage ei bok om Lerbrekk skule si historie. Sjur Håland skal skrive, og det er Ueland historiske forlag som står bak. Sigbjørn Varhaug samlar inn stoff, så har du noko å bidra med, ta kontakt med Sigbjørn. Gamle bilete frå skulen eller sundagsskulen er av stor interesse. Planen er at boka skal vera ferdig ut på hausten.

Vennelaget v/Brit Obrestad

STORHELG på Lerbrekk

7. og 8. april 2018

Kunstutstilling - salgsutstilling

«Utanfor, i vest, bryt havet på»

Utstillinga byggjer på Arne Garborg sin tekst frå 1892 der han skildrar Jærhavet

Teiknaren Jan Th. Værp har teikna 17 unike kunstverk frå Garborgs Jæren som pryder boka med same tittel.

Desse teikningane stilles ut i original størrelse 57x 49 cm. m/rame.

Utstillinga opnar laurdag 7 april Kl.13.00. Då vil Garborgvenen Torstein Tunheim lesa tekster av Garborg.

Frå Klasserommet ser vi rett ut på det Jærhavet Garborg skildrar så vakkert. Slik sett må dette skulehuset vera den perfekte staden for denne utstillinga.



Denne helga vil det også vera Knivutstilling på Lerbrekk

Knivmaking har ikkje stått særleg sterkt på Jæren samanlikna med andre deler av landet. Likevel er det nokre som på hobby-basis både smir og lagar knivar til ulike bruk.

Einar Mattingsdal har etter at han kom i kontakt med Ognå knivklubb laga bruksknivar i snart 10 år. Han smir ikkje blada sjølv, men kjøper dei frå kjende knivsmedar både i Noreg og Norden elles. Til skaftemne blir brukt ulike treslag, mest norsk, men òg utalandske som oliven, sebratre, blackwood offl. Dei fleste skafta har òg innslag av ulike materiale som bein, horn, metall o.a. for å gje knivane meir særpreg.

Slirene blir sydd i rårandslær og dekorerte ved å pauta fram ulike motiv.

Mattingsdal har tidlegare hatt knivar utstilte i Torvhuset, Fotland mølle.

Vennelaget står for sal av kaffi, vaflar og kaker.

Det vert og høve til å kjøpe boka «Utanfor, i vest, bryt havet på»

Arr. Vennelaget på Lerbrekk, Hå historielag, Einar Mattingsdal, Ueland Historiske Forlag og Jan Th. Wærp.



ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104

ODLAND 4/S
FORSKALING OG STØYPING

4360 VARHAUG



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69





Bandrommet vert i periodar brukt flittig.

Lensmannsløa ungdomsklubb

Det skjer mykje på klubben, og før jul hadde me ca 60 ungdommar innom dei siste tysdagane. Det var difor med stor glede me fekk tilbod om å få ein ekstra lærling i 7 veker dette halvåret, Alise Kvía, som fullfører si utdanning til sommaren.

Frå oppstart til no har me vore 40 – 50 stk fast på klubb, og ungdommane har mykje gøy i vente. I tillegg til vanleg klubb arrangerer me igjen jentekveld 17. april. Arrangementet som fyrste gonge trakk 70 jenter til Lensmannsløa, har blitt så stort at me i år leiger heile nye Ognå skule. Sist jentekveld dukka 180 jenter opp frå Stavanger til Egersund, men tilbodet i år er sjølvsagt endå større og flottare, med økonomisk støtte frå fleire hald.

Me får og halde fram med å gi gratis varme måltid kvar tysdag, og har no valfagelevar frå Ognå, Vigrestad og Varhaug som er med på matlaging og ansvar for andre aktivitetar.

I år har me og hatt open klubb i vinterferien, og gitt ekstra tilbod for ungdommar ein torsdag i veka på Kafe Torjå på Vigrestad.



Nok ein gong, gangen er ein fin stad å samlast.



Kjapp påmelding og venteliste på årets julebord.

Siste gilde prosjekt er eit sommarferietilbod. Me har skaffa nok sponsorar til å kunne tilby 24 ungdommar frå Hå ein mest heilt gratis liten sommarferie.



Kreative ungdommar.

Me kjem til å informera om dette når det nærmar seg, men kan røpa at tilbodet krev at dei søker og får lov heime.



Slimkurs var ein suksess, nærare 40 stk fekk prøvd seg.



Velkomen til årsmøte for Vennelaget for Lensmannsgarden

Onsdag 14. mars 2018 kl. 19:00
i Løeståvå på Lensmannsgarden.

Alle er velkomne, både medlemmer og «nye» som vil verta medlemmer ☺

Vel møtt!



Program for Kultur i Løa vår 2018:

22/3 Sangkveld med Hananja

21/4 NB: Laurdag! Releaskonsert med debutalbummet
«Vannåre» av Dag Madland med band.

17/5 Kulturkveld, med «Hipp Hurra-kveld» framført av
Arnt Olav Klippenberg og Sven Arne Petersson

23/6 Jonsokfeiring på Lensmannsløa

23/8 Under construction

20/9 Country-konsert med Britt-Synnøve Johansen

Alle arrangement startar 19:00

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løa er for alle. 50,- for måltidet.

Datoar: 28/2, 14/3, 11/4 og 25/4.

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dykk melda dykk inn i vennelaget (gratis) ved
å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

”LIK” Kultur i Løa på Facebook

Plateslepp i Lensmannsløa

Dag Madland har passert 40 med god margin, det har gjort han utolmodig.

Nå klarer han ikkje lenger å halda seg vekke frå blyanten og mikrofonen.

Etter 12 års pause frå rampelyset er han nå tilbake i manesjen.

I april kjem han med sitt album «Vannåre», og kva er vel meir naturleg enn å avhalda release-konserten på heimebane i Lensmannsløa på Varhaug.

Dag fortel i sine viser om oppveksten på garden Odland. Alt frå problema med «vannåre» under

våningshuset til skildringar av atmosfæren på samlingsplassen på kjøkkenet.

Det meste er skildra gjennom augene til barna i heimen og gjev mange lettgjenkjennelege tilbakeblikk på livet på Jæren på 70 og 80-talet.

Saman med Richard Madland og Sven Arne Vestbø har han brukt vinteren i Richard's eget studio på Varhaug.

Richard og Sven Arne er dei sentrale i arrangementet på plata, og dei har i tillegg fått med seg Lars Ole Bergersen på fele, Kårstein Bø på tangenter, Livar Enåsen på kontrabass og Ranveig Marie Nesse på vokal.

«Dag og Stasjonsungane»

Konserten vert avhalden oppe i løa og det vert mogleg å få sikra seg ei signert plate av det begrensa opplaget som vert gjeve ut. Det er ikkje kvar dag me får oppleva så kortreist visesang i løa, så sikre deg ein plass i salen du òg.

Me får i tillegg besøk av Kim Laland som set stemninga før konserten.

Billetter kan kjøpes på Linticket.com

Aldersgrense 18 år. Det blir salg av øl og vin nede før konserten, og i pausen.



Sangkveld med Hananja

Oppe i løa på Lensmannsgarden, Varhaug
Torsdag 22.mars kl.19.00



Billetter kr 150. Bøen (kontant) og LinTicket.no(+avg)



Kultur i Løa inviterer til

Hipp hurra-kveld

v/ Arnt Olav Klippenberg
og Sven Arne Petersson

i løestova på Lensmannsgarden, Varhaug
17.mai kl 19.00.

Billett kr 300

(inkl. varmrett, kaffi og kaker)

Sal av brus, øl og vin.

Aldersgrense 18 år

Billettsal på Bøen(kontant) og LinTicket (+avgift) frå 30/3

DAG & STASJONSUNGANE



VANNÅRE

Godt samarbeid med VIL og skulane



Eskil Tjensvoll og Herman Dubland.

På nyåret starta ein opp med grøt på barneskulen kvar torsdag morgon. Dette er det Varhaug Idrettslag som har ansvaret for, og dei serverar 4-korn grøt frå Fjordland. Varhaugbuen var innom på skulen torsdag klokka 07.30, og då strøyma det på med ungar som ville ha varm grøt.

Omnen på kjøkkenet kan varma 120 porsjonar på ei gong. Det har vore 70-130 som har fått servert grøt andre dagar, men i dag var det berre 56. Dette er så nytt at elvane vert minna om torsdags grøten, slik at dei slepp og eta frukost heime, men denne gongen hadde dette vorte gløymt. Både dagleg leiar i VIL, Jan Christian og rektor, hadde VIL-klede, og då eg spurde rektor om det var grunna grøten han var kledd i grønt. Men då fekk eg svaret: Torsdagar



Astrid K. Håland og Merethe Sæbø.

er draktdag på skulen, og han veksler med klede frå Bryne, Man U. og Barcelona i tillegg til VIL sjølvsagt.

Dei elevane eg snakka med, var vel nøgde med grøten, og då ein spurde etter rosiner i tillegg til sukker/kanel, kom sandeleg det og på bordet.

Med same eg var på skulen stakk eg innom kjøkkenet, der kokken, Silje Vartdal Nord Varhaug, held på med førebuinga til lunsjen. Ho fortel at det går 25 - 30 brød om dagen og med ganske mykje variert pålegg. Tydeleg at det her var noko som passa for alle. I dag skulle dei i tillegg få vann melon og ananas.

På veg ut stod ein heil gjeng med ungar som skulle til Vigrestad med buss på bading. Då passa det jo godt å ha starta dagen med varm grøt.

Liv



Noah Midtun og Storm Sør-Reime



Nikoline Håland.



Casper H. Forsmo.

«Di får dæ te i VIL»

Nå er mottoet «Alltid best sammen», men i mi tid i laget var det «Me får det til i VIL» (Nå som eg ikkje lenger er med i laget på ein eller anna måte, kan eg ikkje godt seia me).

19. februar hadde VIL årsmøte med fyldig årsmelding og godt rekneskap. Heile kr. Kr. 1.190.395 i overskot. Dette er ikkje eit resultat som kjem av seg sjølv, men kjem av målretta arbeid av styret, god administrasjon, og ikkje minst mange gode frivillige. De er mest utruleg kva desse eldsjelenes har fått til i 2017. Ein føler mest som ein kjem inn i ein ny hall, men det er berre garderobane, tribune og toalett, som er heilt fornya. Nå held dei på med å «sjeina opp» i kafeen med nytt golvbelegg mm. I salen er det og kome nytt lys.

Under kapittelet «Dugnad», kan ein lesa dette frå årsmeldinga:

«Det er stor dugnadsvilje i Varhaug Idrettslag. Utenom faste aktiviteter som treninger, kamper og møter er det mange som stiller på de forskjellige arrangementa. Når det i tillegg blir lagt ned tusenvis av dugnadstimer i den nye flerbrukshallen, forsterker det omrømmet vårt som en klubb med mange gode dugnadsfolk. Dugnad er et viktig virkemiddel for å holde medlemskontingenten nede, og grunntanken er at alle skal bidra.»

Valnemnda hadde og gjort ein god jobb, og presenterte ei innstilling på mest 100%. Gildt og sjå at det var så mange som tok attval i dei ymse styra.

Anlegget til Varhaug Idrettslag er stort, med mange bygningar, men skal verta større. Hovedstyret fekk på årsmøtet fullmakt til ein ny kunstgrasbane, som skal gje plass til fem 5-ar banar og tre 3-ar banar. Dei fekk og fullmakt til å setja i gang med arbeidet med aktivitetspark, som mellom anna skal innehalda basketballbane og skaterampe. Som om ikkje dette er nok, så vart det jo vedteke i fjor å setja opp ein fotballhall.

Dette er stort, og her trengs det mykje dugnadsfolk. Får berre håpa at dugnadsiveren til foreldre og besteforeldre, vil smitta over på dei unge. Trur ikkje alle av dei tenker over kor mykje arbeid som vert lagt ned for at dei skal kunna vera med på dei ymse aktivitetane. Ingen ting kjem av seg sjølv, og det håpar eg dei som veks opp i bygda tenker over.

Eg ynskjer VIL lukke til vidare med alt dei skal til med, og eg er veldig takksame for alle dei åra eg fekk vera med i ymse verv.

Liv

Grøt på ungdomsskulen

Nå har eg og vore på Ungdomsskulen, der VIL serverte Fjordland grøt til frokost. Her er dei ikkje like flinke som på barneskulen, men det var åtte som kom og åt. Og det er jo betre enn ingen. Men var berre jenter som kom, kor vert det av guttane?

Solfrid Berge er med «som kokk» på mandagane, og serverar elevane grøten. I tillegg er ho saman med Ingunn Helen Reiestad i eit utdanningsutval for 9. og 10 klasse på Varhaug og Vigrestad. Før i tida hadde skulane arbeidsveke der elevane fekk prøva seg i ymse arbeid, men nå er desse to med elevane rundt på bedriftsbesøk. Dei har mellom anna vore både på Fjordkjøkken, Nortura og Tine. Det er nok ikkje like lett for elevane og vita kva dei har lysst til å gjera etter skulen, og her får dei infor om byggfag, tip, idrett, restaurant/matfag, forming, friluftsliv, jordbruk, media og kommunikasjon

Korslaget



Torsdag 8. februar reiste ein spent gjeng med 7. klassingar til Bø skule for å delta på korslaget. Med lukkeønskingar frå den gilde bussjåføren vår, Brit Ånestad, var me klar.

I år var det mange kor som deltok, og nivået var høgt! Dommarane hadde mykje positivt å seie til alle kora. I år hadde elevane på Varhaug fått velje song sjølv, og dei ende opp med "Langt å gå" av Klovner i kamp. Elevane var spente i forkant, men då dei endeleg skulle få gå på scenen gav dei alt! Lærarane på 7 trinn var heilt imponert over det trøkket og den utstrålinga som elevane hadde på scenen. Både solistane og koret fekk mykje ros av dommarane. Og Martin Våland, ein av dommarane, var så imponert over Peter Nord-Varhaug sin sangprestasjon at han ynskja han velkommen i studio.

Fredagen før påskeferien er det ny runde med korslag. Då blir det kamp mellom kommunane. Me gler oss!

VB VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A
4360 Varhaug
Tlf. 51 47 22 00
www.voldentollefsen.no

BDO AS

Avd Jæren
Rådhusgata 2A, 4360 Varhaug
Telefon +47 51 79 12 20
www.bdo.no



3 damer som for 7. gong var på trening. Dei kjente ikkje kvarandre frå før, men har det nå kjempegildt saman kvar tysdag. Liv Karin Bryne Skårland, Sissel Stangeland og June Frausing. Etter berre 7 veker var det utruleg kva dei fekk til.

Nå kan dei vel vaksne og få pulsen opp på PULSEN

22. februar starta PULSEN med ei ny gruppe med eigen instruktør for oss «vel vaksne», eller seniortrening om du vil.

Det kom 5 damer og 2 menn første gongen, og det er ikkje verst. Eg snakka med Gerd Marie og Bertil Bjorheim, over ein kaffikopp etter trimmen. Det er viktig å halda seg i form, og dei tykte det var eit godt tiltak, som dei ville vera med på. Tidspunktet var og greitt: kvar torsdag kl. 10.00 11.00. Treninga er i eige rom, så her er det ingen som treng vera redd for kritiske blikk frå ein «friskus».

Eg snakka med eigaren, Ronny Gudmestad, etter trimmen, og han kunne fortelja at PULSEN nå hadde over 400 medlemar. PULSEN har 33 gruppetimar pr. veke, og i tillegg til seniortrimmen, har dei ein haug med aktivitetar: Barn/mor -

Spinning - CX Works - Strength and Case - Body Pump - Sumba for vaksne - Sumba for barn - Strong by Sumba, (med høg intensitet) - Yoga - Pilates - Sirkeltrening og TRX (slynge)





Lørdag seminar med sensei Audrone Sirokova 6dan og sensei Kåre Henry Hauge fra Strand på Bø skule .25.11.2017

Hå karate



Juleavslutning på Bø skule 21.12.2018



Nyttårsmottaking i Jærmuseet 1. nyttårsdag 2018

Vestlandscup
1, 10.02.2018,
Karmøy. Fra
Hå kk deltok 12
medlemmer,

11år Sander Stokka
Nethland,Kudis
Nojus ,Adrian
I.Svendsen 2 plass
kata 3 plass kumite,
12-13år Juranas
Sablinskas 4
plass.,15-16år
Marius Mileris,18år
og over Mantas
Janonis 2 plass kata.



Fra venstre: Sander Stokka, Oliver Stokka Nethland, Adrian I.Svendsen, Helene Fuglestad, Anette I.Svendsen
Marius Mileris,sensei /dommer Audrone Sirokova,Juranas Sablinskas,Mantas Janonis

Bokkafé for barn i biblioteket på Varhaug
Torsdag 5. april kl. 17.30-18.30

Nytt år - nye muligheter

Elgane held på tradisjonane, årsmøte var som vanlig siste tirsdag i januar med ca. 50 frammøtte, Paul Skretting leda møte på ein fortreffelig måte. Servering av wienerbrød, twist og kaffi.

Me hadde vanlige årsmøtesaker, valg og framlegging av regnskap. Klubben har framleis god økonomi, og når ein kikker ut vinduet og ser det flotte maskinhuset på baksiden av speedwaybanen, forstår ein kvifor det er litt mindre penger i banken nå.

Til slutt fekk dei som gjekk ut av styret fine blommar av styreleder; Lindy Moi, Tarald Haaland, Arild Bjarte Våland og Finn Helge Haugland. Me vil takka dei for god innsats for klubben!

Dette året vart det litt utskiftninger i styret, men Omund Thu står støtt ved roret og styrer skuta framleis.

Styret i Elgane 2018:

Leder	Omund Thu	gjenvalg
Nestleder	Ronny Anda	ny
Sekretær	Linda Johansen Vigre	ny
Kasserer	Elin Hobberstad	gjenvalg
Varamedlem	Frank Selebø	gjenvalg
Styremedlem ATV	Øystein Frøytlog	gjenvalg
Styremedlem Motocross	Gunhild Klingsheim	ny
Styremedlem Speedway	Remi Ueland	ny

Når dette blir skrevet går det ikkje an å trene på Elgane, og vermeldinga tyder på at det kanskje går nokre veker til uten trening. Men straks er det vår, og då er me klar igjen!

Planer vidare;


Me held åpent for trening i påsken (væreforbehold!), detaljer er ikkje klare enda, me må få tak i nok funksjonærer først. Følg med på nettsida vår samt facebook.

Løp for sesongen 2018 er heller ikkje klart, det einaste me veit er at 2. runde i Vestlandsmesterskapet blir arrangert på Elgane 2-3 juni.

Har du lyst til å begynne å trene på Elgane? Eller har du eit barn eller barnebarn? Ta kontakt med ein i styret for meir informasjon. Nedre aldersgrense er fylte 5 år.

Me har både bredde- og toppidrettsutøvere i vår klubb, men heilt klart flest breddeutøvere.

Varhaug



Sikkert ikkje mange som kjenner seg igjen på Varhaug på dette postkortet, som truleg er frå midten av 1950.

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MCA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE

En alliansebank i eika.



Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme. Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ♦ Jærhagen ♦ Kleppe ♦ Kverneland
Undheim ♦ Varhaug ♦ Vigrestad

jæren
sparebank

Bygdekvinnelaget

Varhaug bygdekvinnelag hadde møte i løestova torsdag 22. februar, og over 60 damer hadde funne vegen dit denne kvelden. Dei fleste oppkledd i kjole, og med mange fine hatter.

Kvelden starta med den tradisjonelle velkomstsangen til toner på pianoet av Brit Obrestad. Så fekk kveldens "trekkplaster" Monica sleppe til, velkjendt frå symesterskapet på TV. Ho fortalde frå vegen fram til symesterskapet, søknad og intervju, nytt intervju og til slutt om sjølve mesterskapet. For eit apperatt som er igang for eit TV program. Det var veldig kjekt og interessant å høyra, men "før ei dame" til å kunne formidle denne opplevinga ho hadde hatt!

Etterpå fekk me sjå litt lysbilete frå opplevinga, litt om dei andre deltakarane og så hadde ho med seg noko av det ho hadde sydd under mesterskapet. Men Monica kan meir enn å sy - ho kan og synga og spele, så ho slutta av med ukulele og 2 songar for oss. Den eine hadde ho laga teksten til sjølv, sett over frå engelsk. Det var tydeleg og sjå at alle dei frammøtte damene kosa seg.

Så var det tid for matøkt. Wenche, Gerd Berit og Inga stod for maten - herleg pastasalat og foccacia brød vart servert, og litt søtt til å stappa i munnen til kaffien.

Underteikna orienterte litt om diverse vedrørande laget, før ei "ny bygdakone" les si forteljing om "Kjedelig selskap". Her fekk me kosa oss og høyra litt av kvart, ja, me lo mest så tårene rann. Så heldige me er her på Varhaug som har to "bygdekåne". Kanskje finns det fleire og?

Åretrekking var siste program, og fleire heldige gjekk heim med ein blom eller gavekort på blomar.

Underteikna takka for ein gild kveld, og me slutta av med "Kveld på Jæren".

Oddbjørg Skrettingland



21. mars - Sonemøte på Nærbø

Møtet vert på Samfunnshuset, der Line Tveite vil fortelja frå ein sykkelstur frå Venabygd til India. Elles musikalsk innslag og utlodning. Inngang kr. 250.

19. april - Hå Hagelagmøte

Torsdag 19. april vert det tradisjonelle vår møtet saman med Hå Hagelag på Felleskjøpet.

31. mai - Tur til Røvær

Me reiser frå Varhaug misjonshus kl. 7.15. Grunna mykje trafikk må me starta så tidleg for å nå ferja i Mortavika kr. 9.00. Så køyrer bussen vidare frå Arsvågen til Haugesund der me skal ta båt til Røvær kl. 10.30. Me er framme 11.15, og 11.30 får me servert Røvær komla, dessert og kaffi. Me får omvising på havbruksenteret, museet og bedehuset. Kl. 16.00 går båten tilbake til Haugesund.

Pris kr. 1.100 – ikkje medlem kr. 1.200, viss me reiser 40. Vert me berre 30 vil det kosta kr. 1.200/1.300.

Prisen dekkjer buss, ferje, båt, middag, dessert, kaffi og alle besøk med guide på Røvær.

Påmelding innan 10. mai til Aud Håland tlf. 924 14 556

14. juni - Sykkeltur

Torsdag 14. juni vert det lett sykkeltur, medbragt kveldsmat. Merk dagen!. Det kjem meir info i neste blad, som kjem ut før Varhaugmarken 1. og 2. juni.

Varhaug Bygdekvinnelag

Vi er mange som venter på sommer, og denne tiden kan kortes ned med Varhaug Bygdekvinnelag sine arrangementer.

Vi anbefaler strikkturen til Kristiansand den 6.april. En hel vogn full av strikkende, smilende, glade damer. Dette må bli suksess! Resultatet av strikkingen, sokker, luer, tepper til prematurbarn, skal overleveres Amandaprojektet. Vi gleder oss.

I mai arrangeres tur til Røvær. Dette er et lite øysamfunn utenfor Haugesund. Det er et veldig spesielt sted, med få innbyggere og bare en bil på øya! Og her blir servert komle til turdeltakerne. Bli med!

26. april er det ordinært medlemsmøte i Løestova. Det pleier å bli full klaff når Liv Klær og Gaver AS viser fram det siste nye innen mote.

Kanskje det ikke blir så verst å vente på sommeren likevel?



Rogaland bygdeundomslag



Laurdag 17. februar blei Rogaland bygdeundomslag sitt årsmøte og årsbankett haldt på Noredalen bygdehus i Sandnes kommune. Varhaug var selvfølgelig på plass. På årsmøtet vart det heftige debatter om fleire forskjellige ting, blant anna val av nytt fylkesstyre, landsstevne 2020 i Rogaland, måltal og andre bygdepolitiske saker.

Når møtet begynte og nærme seg slutt etter val av nytt fylkesstyre begynte dei fleste å bli nokså rastause. Då var det rett heim og hiva på seg festsko og bunaden. På årsbanketten blei det servert god mat frå kafé Jærbuen. Under bespisningen var det underholdning og taler. Det vart og utdelt priser. Etter mat og prisutdelinga spelte Haugedøldal opp te dans, og då blei det selvfølgelig polones! Som vanleg på samankomster arrangert av Bu er swing det som representerast mest på dansegolvet, elles var det mange som satt seg å snakkte med gamle venner og bekjente.

Laurdag 10. februar arrangerte me i Varhaug Bygdeundomslag Kickoff 2018 på varhaugshallen. Dette va kjempestas og mange tok turen innom! Rabalders spelte opp til dans og her var det mange som benytta sjansen og tok seg en tur opp på dansegolvet. Dette vil me nok prøva å få arrangert i 2019 og, så det bør en ikkje gå glipp av!

Me he de jysla jillt i BU me så e der, MEN me he alltid rom for fleir!

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
14. mai

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Det vert årsmøte i Varhaugbuen mandag 16. april. Innkalling og årsmøtepapir vert sendt eigarlaga.

Komiteen for Varhaugmarken 2018

– fredag 1. og laurdag 2. juni er godt i gang med planane. Dei har alt ein del av programmet klart, og mange som har bestilt stand.



ABRØR



Trenger du hjelp
ta kontakt med vår
mann på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Tlf 48 50 97 80 post@abror.no

Vi utfører alle typer oppdrag innen:
Nybygg, rehabilitering, service, bolig, fjøs og industri



Sverre Berge
48 50 97 80
sverre@abror.no



Arne Berge
48 50 97 82
arne@abror.no



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



TID FOR KALKING OG GJØDSLING!



**HELGJØDSEL
SEKK 15 LITER**
KR 199,-

PAKKEPRIS FOR 2 STK

299,-
2 x 15 liter

FK HAGEKALK
25 KG GRANULERT

89,-



**FK HAGE-
GJØDSEL**
25 LITER

349,-



FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikkken
fkra.no/fkbutikkken